

Ein dynamisk sirkel av ære

Ærekultur – del 3

Tekst: Erling Thu
erlingthu@msn.com

I Jesu øvsteprestelege bønn i Johannes Evangeliet får me litt innsyn i den dynamiske ærekulturen som er i den treeinige Gud. Det er ein dynamisk sirkel av ære frå den eine til den andre og så tilbake att i endelaus gjeving og mottaking av ære.

«Far, timen er komen. Lat herlegdom lysa om Son din, så Sonen kan la herlegdom lysa om deg. (Joh 17,1)

Eg lét herlegdom lysa om deg på jorda då eg fullførte det verket du gav meg å gjera. Så lat no herlegdom lysa om meg, Far, den herlegdom eg hadde hos deg før verda vart til. (Joh 17,4-5)

Alt mitt er ditt, og ditt er mitt, og min herlegdom lyser gjennom dei. (Joh 17,10)

Den herlegdomen som du har gjeve meg, har eg gjeve dei, så dei skal vera eitt slik som vi er eitt: eg i dei og du i meg, så dei heilt og fullt kan vera eitt. Då skal verda skjøna at du har sendt meg, og at du har elska dei slik du har elska meg. Far, eg vil at dei du har gjeve meg, skal vera hos meg der eg er, så dei får sjå min herlegdom, den du har gjeve meg fordi du elska meg før verda vart grunnlagd. (Joh 17,22-24)

Jesus startar med å be Far om å herleggjera Sonen, så han kan herleggjera Far. Her seier han at han er heilt avhengig av at Far ærar han for å kunna gje ære tilbake til Gud. Det er berre den som har fått ære eller herlegdom frå Gud som verkeleg med tyngde kan æra Gud og la herlegdomen lysa om han. Jesus seier med denne bønna at når han får æra og herlegdomen frå Far, så er han i stand til å avspeгла denne herlegdomen og gje ære til Far.

Me har tidlegare sett koss Far, heilt frå Jesus var avla i mors liv og til hans død, oppstode og himmelfart, gong etter gong æra og herleggjorde Sonen og let herlegdomen lysa om han. Jesus på si side æra og herleggjorde Far, gjennom heile livet og i døden, ved å fullføra det verket han gav han å gjera. Difor bed han med frimod om å få tilbake den herlegdomen han hadde hjå Far før verda vart til.

Men Jesus gjer det heilt klart at den herlegdomen han har fått frå Far ikkje var noko han har halda på for seg sjølv, men noko han har delt og vil halda fram å dela med læresveinane sine. Han seier at hans herlegdom lyser gjennom læresveiane, for den herlegdomen som Gud har gjeve han, har han gjeve dei. Målet med å gje herlegdom og ære til dei som trur på han er at dei heilt og fullt kan vera eitt slik som den treeinige Gud er eitt.

Kjærleiken er drivkrafta

Det er kjærleiken som er drivkrafta i å gje herlegdom og ære. Gud er kjærleik. Far elsker Sonen. Sonen elsker Far. Denne kjærleikens Ande mellom Far og Son er Den heilage Ande. Av di Far elsker Sonen gjev han han herlegdom og ære. Av di Sonen elsker Far gjer han alt for å æra og herleggjera Far. Det er kjærleikens, ærens og herlegdomens Ande som formidlar dette dynamiske livet i kjærleik og ære.

Me ser heilt klart at det er ein dynamisk ærekultur i Gud og at Jesus tek læresveinane inn i ein liknande dynamisk æresirkel eller ærekultur. Den ære og herlegdom Sonen hadde fått av Far gav han vidare til læresveinane og alle som kom til tru på han, så alle skal æra Sonen slik dei ærar Far. Den som ikkje ærar Sonen, ærar heller ikkje Far, som har sendt han (Joh 5,23). Me kan me andre

*«Når me forstår kven
og kva folk er,
vil me vera i stand til å gje dei
den ære dei fortener
og ta imot den gåve frå Gud
dei er i livet vårt.
Når me ærar folk
for det dei er flyt det liv
og velsigning mellom oss»*

*«Faktisk er det likeviktig
å æra dei som ikkje
er kristne
som dei som er kristne,
for alle menneske
er skapt i Guds bilete
og har noko godt frå Gud i seg
som vil vera til velsigning
for andre menneske»*

ord ikkje æra Gud om me ikkje ærar dei Gud sender til oss. Dette handlar om å sjå kven folk er i Gud og æra dei for det, slik at Gud kan få ære for det verket han har gjort i dei menneske me møter. Denne innsikta kastar lys over desse orda av Jesus:

Den som tek imot dykk, tek imot meg, og den som tek imot meg, tek imot han som har sendt meg. Den som tek imot ein profet fordi han er profet, skal få ein profets løn, og den som tek imot ein rettferdig fordi han er rettferdig, skal få den rettferdiges løn. Og den som gjev ein av desse små om det så berre er eit beger kaldt vatn fordi han er disippel - sanneleg, eg seier dykk: Han skal slett ikkje mista si løn.”
(Matt 10,40-42)

Å ta imot menneske for det dei er i Gud, ein utsending, ein profet, ein far, ei mor, ein bror, ei syster, ein rettferdig, ein læresvein, ein disippel er å æra dei for det dei er og med det gje ære til Gud som har gjort dei til dette. Når me forstår kven og kva folk er, vil me vera i stand til å gje dei den ære dei fortener og ta imot den gåve frå Gud dei er i livet vårt. Når me ærar folk for det dei er flyt det liv og velsigning mellom oss. Dette gjeld sjølvsagt alle menneske, om dei er kristne eller ikkje-kristne. Faktisk er det likeviktig å æra dei som ikkje er kristne som dei som er kristne, for alle menneske er skapt i Guds bilete og har noko godt frå Gud i seg som vil vera til velsigning for andre menneske.